



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>27.01.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:30 – 14:45</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Forfall til møtet:**

**Aleksander Øren Heen, Sp**

**Varamedlemmer til stades:**

**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebøkene frå 7. og 9. desember 2015 vart godkjende utan merknader.

Fylkesutvalet vedtok at orienteringane til dokument 8 a) og b) under sak nr. 5/16 vart handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 4:

- Dagleg leiar i F1 Holding AS, Jan Øhlckers, orienterte om den økonomiske stoda i Fjord1 AS, jf. dokumenta nemnde i førre avsnitt. Referansedokument i ESA er 15/8067-165.
- Fylkesordførar Jenny Følling orienterte frå eigarmøte i Fjord1 AS 08.01.16 og frå møte med dei tillitsvalde og leiinga i selskapet same dag. Vidare orienterte ho om møte med dei fylkeskommunalt oppnemnde styremedlemene i selskapet 15.01.16. Orienteringa vart gitt ut frå dokument arkivert i journalpost 15/8067-160, journalpost 15/8067-164 og journalpost 15/8067-166.
- Fylkesrådmann Tore Eriksen orienterte om status når det gjeld oppfølginga av fylkestinget sine vedtak i sak 46/15 (eigarposisjonen i Fjord1 AS) og i sak 72/15 (krav om lovlegkontroll av sak 46/15). I tillegg til prosessen knytt til kravet om lovlegkontroll, orienterte han om arbeidet overfor Konkurransetilsynet.

## **SAK 1/16      Høyring - innføring av flypassasjeravgift - regionale konsekvenser**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige verknader før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.
- 2 Den nye avgifta vil ikkje verte merkbar for reisande frå Sogndal, Sandane eller Førde, men vil verte merkbar for reisande frå Florø. 1. april 2016 vil flyrutene til/frå Florø verte kommersielle. Fylkesutvalet vil peike på at passasjergrunnlaget for Florø har gått ned som følgje av «krisa» i oljenæringa. Kommersialisering av flyrutene i Florø kan som følgje av nedgangen i passasjergrunnlaget føre til dyrare reiser og dårlegare tilbod. Den nye avgifta vil ikkje gjere situasjonen betre for flytilbodet i Florø.

### **Endringsframlegg:**

**Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Den nye avgifta vil ikkje verte merkbar for reisande frå Sogndal, Sandane eller Førde, men vil verte merkbar for reisande frå Florø. Flyseteavgifta vil isolert sett gje ei auka skattebør for brukarar av Flora lufthamn. Samstundes har regjeringa i sitt statsbudsjett lagt opp til at det samla skattetrykket for næringliv og innbyggjarar, totalt sett blitt lågare. Fylkesutvalet meiner at ei netto lågare skattebør er ei riktig satsing for å møte dei utfordringane som Florasamfunnet står i. 1. april 2016 vil flyrutene til/frå Florø verte kommersielle. Fylkesutvalet vil peike på at passasjergrunnlaget ved Flora lufthamn har gått ned som følgje av krisa i oljenæringa, og at kommersialiseringa såleis er svært uheldig. Situasjonen for flytilbodet i Florø er så alvorleg at denne flyplassen bør samanstillast med dei andre ikkje-kommersielle flyplassane. Fylkesutvalet stiller seg difor bak Florø kommune sin søknad om fritak frå flyseteavgift på flyreiser til/frå Florø.

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 2:

2. Innføring av den nye avgifta vil ikkje føre til auka billettprisar for reisande frå Sogndal lufthamn, Førde lufthamn og Sandane lufthamn då flyrutene inngår i det statlege kjøpet av flyrutetenester på kortbanenettet (FOT-systemet) Det vil derimot kunne få svært store konsekvensar for Florø lufthamn som vil få kommersielle flyruter frå 1. april 2016.

Fylkesutvalet vil peike på at passasjergrunnlaget for Florø lufthamn har gått betydeleg ned som følgje av utfordringane i oljenæringa. Kommersialisering av flyrutene i Florø kan som følgje av nedgangen i passasjergrunnlaget sannsynleg føre til dyrare reiser og dårlegare tilbod. Fylkesutvalet viser også til TØI rapport 133/2014 «forslag til anbudsopplegg for regionale ruter i Sør-Noreg» der rapporten fleire stader peikar på at ruteopplegget for dei regionale lufthamnene er sårbart. Vi viser spesielt til side 63 under oppsummering og diskusjon.

Det er fylkesutvalet si klare mening at den nye avgifta ikkje vil gjere situasjonen betre for flytilbodet for Florø lufthamn med dei konsekvensar det kan få, spesielt for næringslivet.

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:

3. Flypassasjeravgift kan vere eit godt verkemiddel for å redusere utslepp. Då må ho leggast målretta på flygingar med størst utslepp pr passasjer. Td. på ein del utenlandsruter. Fly mellom by og distrikt innanlands er ikkje det største utsleppsproblemet, samtidig som det

har uheldige verknader som å gje endå meir ulike konkurransevilkår for innanlands næringsliv.

**Avrøysting:**

Gunhild Berge Stang røysta for framlegget frå Venstre.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Karen Marie Hjelmeseter, Bjørn Erik Hollevik, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta mot.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Karen Marie Hjelmeseter, Bjørn Erik Hollevik, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta for punkt 1 i fylkesrådmannen si tilråding.

Gunhild Berge Stang røysta mot.

Punkt 2 i fylkesrådmannen si tilråding fekk ingen røyster.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Karen Marie Hjelmeseter, Bjørn Erik Hollevik, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Trude Brosvik røysta for framlegg til nytt punkt 2 frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre.

Gunhild Berge Stang røysta mot.

Framlegg til nytt punkt 3 frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane ser det som uheldig at det ikkje er gjennomført ei konsekvensanalyse av samfunnsmessige, økonomiske og miljømessige verknader før avgifta vert innført. Innføringa av denne avgifta bør utsettast til etter at ei slik konsekvensanalyse er gjennomført.
2. Innføring av den nye avgifta vil ikkje føre til auka billettprisar for reisande frå Sogndal lufthamn, Førde lufthamn og Sandane lufthamn då flyrutene inngår i det statlege kjøpet av flyrutetenester på kortbanenettet (FOT-systemet) Det vil derimot kunne få svært store konsekvensar for Florø lufthamn som vil få kommersielle flyruter frå 1. april 2016.

Fylkesutvalet vil peike på at passasjergrunnlaget for Florø lufthamn har gått betydeleg ned som følgje av utfordringane i oljenæringa. Kommersialisering av flyrutene i Florø kan som følgje av nedgangen i passasjergrunnlaget sannsynleg føre til dyrare reiser og dårlegare tilbod. Fylkesutvalet viser også til TØI rapport 133/2014 «forslag til anbudsopplegg for regionale ruter i Sør-Noreg» der rapporten fleire stader peikar på at ruteopplegget for dei regionale lufthamnene er sårbart. Vi viser spesielt til side 63 under oppsummering og diskusjon.

Det er fylkesutvalet si klare meining at den nye avgifta ikkje vil gjere situasjonen betre for flytilbodet for Florø lufthamn med dei konsekvensar det kan få, spesielt for næringslivet.

3. Flypassasjeravgift kan vere eit godt verkemiddel for å redusere utslepp. Då må ho leggest målretta på flygingar med størst utslepp pr passasjer. Td. på ein del utenlandsruter. Fly mellom by og distrikt innanlands er ikkje det største utsleppsproblemet, samtidig som det har uheldige verknader som å gje endå meir ulike konkurransevilkår for innanlands næringsliv.

**VEDTAK:**

- 1 Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen starte arbeidet med Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2027.
- 2 Det skal utarbeidast planprogram for arbeidet med transportplanen.
- 3 Planprogrammet skal avklare innhald og prosess og godkjennast av fylkesutvalet juni 2016
- 4 Arbeidet med transportplanen skal gjennomførast i samsvar med plan- og bygningslova.

**SAK 3/16 Sal fylkeskommunale bustader Lærdal**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godkjenner at fire bustader på gbnr 24/34 samt tidlegare ambulansestasjon gbnr 27/13 vert overdregne til Bustadstiftinga v/fylkessjukehuset i Lærdal for 6,5 mill. kr.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre salet.
3. Netto salsvinst vert nytta til nedbetaling av gjeld.
4. Fylkesutvalet legg til grunn at styret i Bustadstiftinga v/fylkessjukehuset i Lærdal gjer vedtak som er i samsvar med dette.

**SAK 4/16 Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge fire minikraftverk i det verna Guddalsvassdraget i Fjaler kommune**

**VEDTAK:**

1. Samla vurdering
  - A. I tråd med nasjonale retningslinjer er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare, herunder at vassdraget også etter ev. utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkeskommunen meiner at dette er oppfylt for dei omsøkte prosjekta i Yndestadhølen, Tjøredalselva og Lønnebotn, men at prosjektet i Øyrafossen er basert på ei for stor slukeeve. For at det skal kunne gjevast løyve til dette siste må slukeevna for Øyrafossen kraftverk reduserast.
  - B. Fylkeskommunen vurderer verneverdiane i vassdraget sine øvre deler inkl. Sørebfossen til å vere særleg viktige. Alle dei fire prosjekta er lokalisert i midtre deler av vassdraget der det frå før er jord- og skogbruksaktivitet, busetnad og infrastruktur som vegar og kraft-linjer. Med tanke på friluftsliv og landskap vurderer fylkeskommunen desse områda til å vere noko mindre viktige enn dei høgareliggande områda, og at dei fire vasskraftprosjekta vil innebere små til moderate ulemper.
  - C. I tillegg til krav om redusert slukeevne for prosjektet i Øyrafossen meiner fylkeskommunen at ei utbygging i Tjøredalselva med Svartefossen primært bør baserast på alt. 2 og at rørgata langs Yndestadelva bør leggest slik at elvekanten vert minst mogeleg påvirka.
  - D. Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.
2. Lønnebotn kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.

3. Øyrafossen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at slukeevna i kraftverket vert redusert.

4. Yndestadhølen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er lagt til grunn at rørgata kan leggast eit stykke frå elva, slik at elvekanten med fjell og store steinar ikkje vert endra.

5. Tjøredalselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve, primært i tråd med alternativ 2.

-----

**SAK 5/16      Skriv og meldingar fylkesutvalet 27. januar 2016**

**Følgjande skriv og orienteringar vart handsama:**

1: Kombinasjon medlem av kontrollutvalet og medlem av finansutvalet.

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet ønskjer å få notatet tilbake med kontrollutvalet sine eventuelle merknader.

-----//-----

2: Opplæring av folkevalde 2015-2019

3: Tariff 2016 – Hovudtariffoppgjeret 2016

4: Førdepakken

Viser til at FT gjorde slikt vedtak i sak 43/13 Førdepakken, pkt. 8:

«FT ber om at det vert oppretta ei styringsgruppe for gjennomføring av Førdepakken med administrativ deltaking frå fylkeskommunen, Førde kommune og Statens vegvesen. Mandatet for styringsgruppa vert lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning.»

Viser og til at FU gjorde slikt oppfølgingsvedtak i sak 27/14:

1. Fylkesutvalet godkjenner følgjande mandat for styringsgruppa i Førdepakken:
2. Styringsgruppa skal arbeide for framdrift, gjennomføring og tilstrekkeleg finansiering for alle prosjekta i Førdepakken i samsvar med vedteken Stortingsproposisjon.
3. Fram til Stortingsproposisjon er vedteken gjeld bompengesøknaden og dei vedtak som er gjort i Statens vegvesen, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.
4. Det enkelte medlem i styringsgruppa er ansvarleg for naudsynt avklaring i eigen organisasjon ved vesentlege endringar i prioriteringar, finansiering og gjennomføring.
5. Styringsgruppa skal rapportere om framdrift, gjennomføring og finansiering til Førde kommune, formannskapet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkesutvalet og Statens vegvesen ved kvart årsskifte fram til Førdepakken er avslutta.

Vedlagt fire møtereferat frå administrativ styringsgruppe for Førdepakken i 2015 (a, b, c, d) – til fylkesutvalet si orientering. Fylkesrådmannen kan ev. utdjupe referata i møtet.

5a-d: Regionreforma – førespurnad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

6: Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar Bremangerlandet AS si klage på vedtak om å avslå søknad om å bygge og drive Bremangerlandet vindkraftverk i Bremanger kommune.

7: Brev frå KMD - Førebels svar på spørsmål om fereavløysingsordninga – Atløysambandet

8a og b: Fjord1 - rapportar pr. 3. kvartal 2015

*Ikkje offentleg, Ofl §23,4. ledd, eigardokument*

9: Avvising av krav om innsyn i kalendrar m.m

10: Invitasjon: Arbeidsgruppe for flytting av kulturrådsfunksjonar til Førde

-----

**SAK 6/16 Lutelandet Utvikling AS - Eigaroppfølging 2015**

*Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument*

**VEDTAK:**

Fylkesutvalet opphevar punkt 4 og 5 i vedtaket i sak 99/15. Dette føreset at styret i Lutelandet Utvikling AS stiller følgjande krav til finansieringsmodellen i avtalen med HAFS Utvikling AS:

1. Styret i Lutelandet Utvikling AS si godkjenning av prosjekt skal vere samrøystes.
2. Punktet i avtalen om fylkeskommunen sine krav til finansieringsmodellen kan berre endrast av eit samrøystes styre.

----//-----

Fylkesutvalet fann Karen Marie Hjelmeseter og Gunhild Berge Stang inhabile. Dei deltok difor ikkje ved handsaming av saka.

**SAK 7/16 Avvikling av fylkeskommunalt eigarskap i selskap Sal av fylkeskommunen sin aksje i Botnaneset Industriselskap AS**

*Ikkje offentleg Ofl § 23, 4. ledd, eigardokument*

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godkjenner avtalen om sal av fylkeskommunen sin aksje i Botnaneset Industriselskap AS til Fjord Base AS.
2. Fylkesutvalet gjev fylkesrådmannen fullmakt til å signere avtalen på vegner av fylkeskommunen.

-----//-----

Fylkesutvalet fann Åshild Kjelsnes og Karen Marie Hjelmeseter inhabile. Dei deltok difor ikkje ved handsaming av saka. Karianne Torvanger møtte som varamedlem for Åshild Kjelsnes.